

NVE – Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref: NVE 200904547-12

20.06.2013

Melding om endringar i Konesjonssøknad for Tenneelva Kraftverk.

Det var sluttsynfaring i samband med konesjonshandsaming for Tenneelva Kraftverk i Norddalen, Vanylven kommune den 12.06.2013. Frå NVE stilte Dag Kjellevoid og Birgitte Wilvang. I tillegg var representantar for Tenneelva Fallrettseigarlag, Aksnes Grunneigarlag, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og undertekna konsulent med på synfaringa. Under synfaringa kom det fram nokre punkt som sakshandsamarane i NVE ynskjer presisert i samband med at bruk av retningsstyrt borhol er introdusert. Retningsstyrt borhol var ikkje tilgjengeleg og utprøvd teknologi då konesjonssøknaden først var innsendt i 2009. Borhol vart introdusert som eit alternativ i revidert konesjonssøknad datert 15.01.2013 og nærare utgreia i notat datert 23.05.2013. I nemde notat er røyrgate flytta til sørsida av elva i høve omsøkt tiltak og stasjon flytta til kote 128 ved Bruelva rett oppstraums Sætrevadskloppa. Under synfaringa 12.06.2013 vart dette alternativet synfart.

Tenneelva Fallrettseigarlag stadfestar med dette at teknisk løysing med retningsstyrt borhol frå inntak, kote 534,5 moh til ca kote 320 moh, nedgravd røyrgate på sørsida av Tenneelva og stasjon på kote 128 moh er hovudalternativ for omsøkt tiltak i Tenneelva. Situasjonsplanen (1:5000) er revidert følgjande.

Tenneelva Fallrettseigarlag trekk alternativet med røyrgate i dagen øvst, nedgravd røyrgate nedst og stasjonplassering på beitemark ved kote 135 moh på nordsida av Tenneelva.

Desse endringane fører til følgjande:

- Prosjektet vert om lag 3 mill kr dyrare. Dette gjev utbyggingskostnad på om lag 30,1 mill kr
- Brutto fallhøgde aukar frå 400 meter til 407 meter.
- Røyrgate vert ca 450 meter borhol og ca 700 meter nedgravd røyrgate (DN700). Samla lengd 1150 meter.
- Forventa årleg straumproduksjonen vil potensielt auke med 0,15 GWh til 10,45 GWh.
- Utbyggingspris vert om lag 2,88 kr/kWh.
- 22kV jordkabel vert kortare, det er ca 50 meter frå stasjonstomt til næraste mast på 22kV linja.
- Trongen for permanent veg til stasjon fell vekk.
- Midlertidig anleggsveg (25 m lang) og riggområde (2daa) ved påslag borhol kjem til. Terreng vil bli istandsatt etter anleggsperioden. Organisering av riggområdet vil bli nærare handsama i detaljplanlegginga.

- Permanent arealbehov til røyrgate ved redusert med 1,0 daa, frå 4,0 daa til 3,0 daa.

Plasseringa av borholet og deponi av overskytande massar vart diskutert på synfaringa. Ein kom fram til at plassering nærare eksisterande veg enn det som vart markert i terreng under synfaringa ville føre til mindre inngrep i landskapet. Flytting mot sør vil krevje mindre veggbygging, fylling for riggområde under anleggperioden vert mindre synleg og området nærare vegen vart vurdert til å vere mindre utsatt for steinsprang og ras. På vedlagd situasjonsplan er påslaget for borholet flytta i høve til teikning nr 100 datert 21.05.2013. Det er ikkje utført grunnundersøkingar i området og somme stader er det mykje lausmassar i lia. Vi ber difor om at NVE ikkje er for nøyaktige i konsesjonshandsaminga og i konsesjonsvilkåra når det gjeld plasseringa av påslaget. Best plassering av påslag for borhol i området nord for sving i fjellvegen vil bli nærare utgreia i detaljplanlegging ved eventuell konsesjon.

Under synfaringa vart det også stillt spørsmål kring deponering av massar frå borholet. 450 meter langt borhol med diameter Ø700 mm vil generere 175 m³ med borkaks (18 lastebillass). Borkaks vert sedimentert i lukka basseng. Vatn frå utspyling av borkaks vert resirkulert utan utslepp til omgjevnadane. 175m³ borkaks er beskjedne mengder. Sedimentert borkaks og eventuelt andre overskottsmassar i samband med tiltaket vil verta nytta av Steinar Arne Nordal i samband med dyrking av jord på tidlegare myr. Dyrkingsområdet er lokalisert ca 1,5 km lengre nede i Norddalen og S. A. Nordal har løyve frå Vanylven kommune til dyrking av myra.

På tidlegare situasjonsplanar har plassering av inntaktsdammen vore litt feil innteikna. Denne kjem nedstraums klopp over Tenneelva ved elveosen i Tennevatnet, sjå vedlagd situasjonsplan. Bilde 3 i Vedlegg 5 til konsesjonssøknaden viser derimot rett damplassering.

Med venleg helsing



Bystøl AS
Jens A. Melheim

Vedlegg: Revidert situasjonsplan (1:5000)

Kopi sendt:

Tenneelva Fallrettseigarlag v/ Steinar Arne Norddal

